

Planinitiativ

Ved ønskje om oppstart av privat planarbeid skal forslagsstillar sende inn eit planinitiativ som i nødvendig grad omtalar premissane for vidare planarbeid. Planinitiativ skal fyllast ut av fagkyndig.

Planinitiativ for	Sula kommune- Djupvika, Eliasgarden- Gbnr. 87/183 m. fl.
Utarbeidd av	Asplan Viak AS
Datert	06.12.22
Forslag til plannamn	Detaljregulering Djupvika pumpestasjon, gbrn. 87/183 m. fl.

Planinitiativ, jf. §1 i forskrift, andre ledd

a) Formålet med planen

Sula og Ålesund kommune starta i 2016 eit samarbeid om å sjå på moglegheita for eit felles avløpsreinseanlegg på Kvasnes i Sula kommune. Nokre av de eksisterande reinseanlegga vil bli erstatta av nye pumpestasjonar som skal føre avløpsvatnet til det nye reinseanlegget på Kongshaugstranda. Det nye anlegget vil ha høgare reinsegrad (sekundærreinsing) enn dei eksisterande anlegga.

RA2-Djupvika er i dag reinseanlegg for delar av Sula. Anlegget skal no erstattast av reinseanlegget på Kongshaugstranda, men det er behov for ein ny pumpestasjon for området. Ein treng då noko større område for kommunalteknisk anlegg.

Formålet med planarbeidet i Djupvika er å etablere ny pumpestasjon for overføring av avløpsvatn til reinseanlegget på Kongshaugstranda. Foreslått formål er avløpsanlegg.

Ny pumpestasjon vil gjere det mogleg å avvikle dagens reinseanlegg som har utslepp i fjorden. Stasjonen vil dimensjonerast for framtida, og ha god kapasitet for overføring av spillvatnet frå området og fram til det nye reinseanlegget.

Planinitiativet er utarbeida etter Forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningsloven, § 1 Krav til planinitiativet.
Sula kommune er forslagsstillar. Plankonsulent er Asplan Viak AS.

Kontakt om planarbeidet kan rettast til:

Anna Hellstrøm, byplanlegger, Asplan Viak, 476 72 792, anna.hellstrom@asplanviak.no


Prosjektleder i Sula kommune:

Jørn Agersborg, teknisk sjef, 978 91 484, jorn.agersborg@sula.kommune.no



Figur 1 Oversiktskart over plassering av Djupvika pumpestasjon i forhold til overføringsanlegget i Sula

b) Planområdet og om planarbeidet vil få verknader utanfor planområdet



Figur 2 Forslag til planavgrensning i tjukk rød linje.

Foreslått plassering av ny pumpestasjon er på nordsida av Fiskarstrandvegen, langs vegen Tingstadvika ut mot Djupvika. Ny pumpestasjon er tenkt plassert nord for dagens reinseanlegg.

Planområdet har tilkomst frå Fiskarstrandvegen og Tingstadvika frå vest forbi eksisterande næringsområde (Jakob og Johan Dybvik AS og Dybvik fiskeforretning). Området ligg vestvendt, i skrånande terreng ned mot sjøen frå om lag +13 moh til +2 moh. Mellom sjøen og planområdet ligg eit område med naust. Det er eit reinseanlegg på tomta i dag. Sør for planområdet ligger det ein einebustad, og det ligg fleire einebustader aust for området langs Eliasgarden og Eliashaugen.

Den nye pumpestasjonen vil ha tilførselsleidningar som skal leggast under bakken. Plassering av disse og endeleg plassering av pumpestasjon må avklarast gjennom planprosessen. Det kan også være nødvendig å sikre stad for landtak i reguleringsplanen.

Foreslått planområde er omlag 7,8 daa.

c) Planlagde bygningar, anlegg og andre tiltak



Figur 3 Eksisterande reinseanlegg markert med rød ring.

Eksisterande reinseanlegg blir rive og det blir bygd ny avløpspumpestasjon. Ny pumpestasjon vil bli bygd utanfor eksisterande reinseanlegg. Reinseanlegget blir drifta fram til pumpestasjonen er klar til å pumpe avløpsvatnet mot Kongshaugstranda reinseanlegg.

Etter at reinseanlegget er satt ut av drift og fjerna, vil anlegg for innføring av reinseplugg bli bygd i dette bygget. Ved enden av pumpeleidningen frå Langevågen skal det byggast kum som er eigna for å ta ut reinsepluggen. Pumpestasjonen blir foreslått bygd som vanleg prefabrikkert stasjon. Pumpestasjonen blir plassert så høgt som mogleg, helst over kote + 6.

Leidninga austover blir antatt å bli utført med sjøledning rundt neset, eller som styrt boring fram til Fiskarstand verft.



Figur 4 Foreløpig skissert trasé for leidning.

d) Utbyggingsvolum og byggehøgder

Pumpestasjonen er planlagt som to prefabrikerte bygg med grunnflate på ca. 20 m² (2 m × 2,5 m × 4 m). Mønehøgda vil vere under 3 m over terrenget med flatt tak.

e) Funksjonell og miljømessig kvalitet

Tema som kvalitetar, tilkomstforhold, tilpassing til omgjevnader, materialbruk mv. vil bli gjort greie for som ein del av planarbeidet.

f) Tiltaket sin verknad på, og tilpassing til, landskap og omgjevnader

Konsekvensar for omgjevnader, naboar, fjernverknad mv. vil bli gjort greie for som ein del av planarbeidet.

g) Forhold til kommuneplan, eventuelle gjeldande reguleringsplanar og områdeplanar, retningslinjer og pågående planarbeid


Forureiningsforskrifta

Sula kommune har avløpsreinseanlegg som ikkje innfrir utsleppskrava, både på grunn av slitasje, utdatert prosessutstyr og overbelastning av tilført framandvatn. Sula kommune har foreløpig fritak frå sekundærreinsekravet, men må innstille seg på å innfri dette kravet.

Miljødirektoratet har bedt om strengare praksis for tildeling av dispensasjon for sekundærreinsekravet. Både Statsforvaltaren og nytt EU-direktiv peikar dessutan mot at strengare reinsekrav må innfriast.

Kommuneplanens arealdel 2015-2025

Området rundt eksisterende reinseanlegg er i dag avsett til framtidig offentlig eller privat tenesteyting. Vest for planområdet er arealet avsett til Andre typar nærmare angitte bygningar og anlegg – Framtidig, og i sørvest er området avsett til Næringsverksemد – Noverande. Arealet nord og aust for dagens reinseanlegg er avsett til framtidig grønstruktur og bevaring kulturmiljø. Foreslått planavgrensing kjem inn på alle disse områda. Aust for planområdet er det avsett større område til framtidige bustadhus.



Figur 1 Utsnitt fra kommuneplanens arealdel

Gjeldande reguleringsplan

Delar av planområdet er ikke detaljregulert. Planområdets vestre del er regulert gjennom Reguleringsplan for Djupvika, med ikrafttredelsesdato 27.10.1987. I planen er vegen Tingstadvika regulert gjennomgående bort til planområdet, og arealet rundt er avsett til industri. Det er også avsett areal til naust vest for dagens reinseanlegg.




Figur 2 Utsnitt frå gjeldande reguleringsplan

h) Planinitiativet sin verknad på vesentlege interesser.

Trafikk

Tilkomst til planområdet er fra Fiskarstrandvegen og Tingstadvika i sørvest. Fv 657 Fiskarstrandvegen har årsdøgntrafikk på 5250 (vegkart.no, 2021). Det er ikke gjort trafikkteljingar på vegen Tingstadvika. Det ligg busshaldeplass ved hovedvegen (Erdal). Det er ikke registrert ulykker i nærleiken av planområdet. Det er opparbeidd gang- og sykkelveg langs Fiskarstranda.

Grunnforhold



Figur 3 Kvartærgjeologisk kart (lausmassar), kjelde: NGU

Ifølge lausmassekartet til NGU består grunnen rundt planområdet av morenemateriale i samanhengande dekke, med stadvis stor mektighet. På nordsida av planområdet er det også morenemateriale, men usamanhengende eller i tynt dekk over berggrunnen (amfibolitt).

Miljømål vatn

Borgundfjorden – aust har miljømål «god» for økologisk og kjemisk tilstand, og dagens tilstand er moderat økologisk tilstand og udefinert kjemisk tilstand.

Friluftsliv

Det er ikke registrert kartlagde friluftslivsområde eller statleg sikra friluftslivsområde i nærleiken av planområdet. Deler av planområdet er markert som potensielt tilgjengeleg strandsone.

Naturmiljø og naturmangfold

Det er ikke registrert sårbare naturtypar innanfor eller i nær tilknyting til planområdet.

Planområdet grenser til Borgundfjorden, som er nasjonalt viktig gyteområde for torsk. Det er ikke



Figur 4 Potensielt tilgjengeleg strandsone. Kjelde: Naturbase

registrert sårbarle artar i området i følgje artsdatabanken.

Kulturminne

Det er registrert ein steinalderbuplass under der leidningstraséen er planlagt dersom alternativ med fjellboring blir realisert.



Det er også SEFRÅK-registrerte bygningar på Hammarsneset aust for det automatisk freda kulturminnet.

og

Barnetråkk

Er det gjort registeringar i Djupvika? Næraste skule er Rørstadmarka skule, Langevåg skule og Sula ungdomsskule.

i) Korleis samfunnstryggleiken skal takast vare på, gjennom førebygging av risiko og sårbarheit

Sjekkliste for identifisering av uønska hendingar er gjennomgått til oppstartsmøtet (omarbeida versjon av sjekkliste i vedlegg 5 til DSBs rettleiar for ROS-analyser 2017).

	UØNSKA HENDINGAR	AKTUELL?	
		Ja/nei	Grunn for svar
Natur-hendingar	Ekstremvær		
	Storm og orkan	Nei	Framherskande vindretning er frå sør, nordaust og søraust. Planområdet ligge ope ned mot fjorden i nordvest. Det er lite som tyder på at området er meir utsett for ver enn andre områder i nærleiken.
	Lyn- og tordenver	Nei	Ikkje særskild utsett område
	Flaum		
	Flaum i sjø og vassdrag	Nei	Ikkje markert som fareområde i NVEs kartdatabase og stormflo.
	Urban flaum/overvann	Ja	Jf. NVEs kartdatabase viser ikkje fare for flaum eller overvatn. DSB.no sitt kart over markfuktigkeit viser eit område der omsyn til overvatn er viktig.

			
	Stormflo	Ja	Tiltaket vil ligge over kote + 4 og kjem ikkje inn i område for framtidig stormflo nivå eller bølgjer i NVEs kartdatabase. Landtaket for avløpsleidninga må byggast slik at det er sikra mot bølgjer.
Skred			
	Skred (kvikkleire, jord, stein, fjell, snø)	Nei	Det er ikkje registrert skredområde innanfor planområdet. Aust for Hammarsneset er det eit aktsomheitsområde for snøskred- og steinsprang.
Skog- og lyngbrann			
	Skogbrann	Nei	Området ligg i/inn mot eit skogsområde i nord, men tiltaket vil i seg sjølv ikkje gi auka brannfare. Evt. brannfare handterast i anleggsfase og er dekka av byggherreforskrifta.
	Lyngbrann	Nei	Ikkje relevant for planområdet.
Andre uønska hendingar	Transport		
	Større ulykker (veg, bane, luft, sjø)	Nei	Tiltaket ligg ikkje i direkte tilknyting til det overordna transportnettet og genererer svært lite trafikk. Det er ikkje kjente ulykkesområde i nærleiken av planområdet.
	Næringsverksemd/industri		
	Utslepp av farlege stoff	Nei	Området ligg innanfor aktsomheitsområde for radon, med moderat til låg aktsomheit. Dette gjeld store delar av landsdelen, og handterast gjennom prosjektering etter TEK 17. Tiltaket verker ikkje inn på eksisterande industri i området.
	Akutt forureining	Ja	Det er ikkje avdekkta forureina grunn jf. Miljødirektoratets kartlegging av forureina grunn. Dersom pumpestasjonen er ute av drift over ein lengre

			periode kan det medføre utslepp av ureina avløpsvatn til recipient.
Brann, eksplosjon i industri (tankanlegg, oljeterminal, LNG-anlegg, raffineri)	Nei	Det er ikke planlagt eksplosiv industri/tiltak, og det er ikke avdekket slik verksem i nærleiken.	
Brann			
Brann i transportmiddel (veg, bane, luft, sjø)	Nei	Ikkje relevant for planområdet, lite trafikkerte vgar og svært avgrensa trafikk til tiltaket.	
Brann i bygninger og anlegg (sjukehus, sjukeheim, skole, barnehage, idrettshallar/tribuneanlegg, asylmottak, fengsel/arrêt, hotell, store arbeidsplassar, verneverdig/freda kulturminne)	Nei	Ikkje aktuelt med tanke på tiltaket sin art.	
Eksplosjon			
Eksplosjon i industriverksemd	Nei	Ikkje relevant for planområdet	
Eksplosjon i tankanlegg	Nei	Ikkje relevant for planområdet	
Eksplosjon i fyrverkeri- eller eksplosivlager	Nei	Ikkje relevant for planområdet	
Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastrukturar			
Dambrudd	Nei	Ikkje aktuelt for planområdet	
Distribusjon av forureina drikkevatn	Nei	Ikkje aktuelt for planområdet	
Bortfall av energiforsyning	Ja	Bortfall av energiforsyning vil føre til at pumpestasjonen sluttar å fungere, og dette kan gi utslepp til recipient.	
Bortfall av telekom/IKT	Nei	Vil ikkje verke inn på pumpestasjonen.	
Svikt i vassforsyning	Nei	Vil ikkje verke inn på pumpestasjonen.	
Svikt i avløpshandtering/ handtering av overvatn	Ja	Endringar på leidningsnettet i forbindelse med anleggsfasen er dekkja av byggherreforskrifta. Formålet med planarbeidet er å etablere pumpestasjon for avløpshandtering. Dette vil erstatta eldre anlegg med behov for oppgraderingar. Svikt i overføringsnettet til det nye reinseanlegget kan føre til at ureinsa vatn går ut i recipientane via nødoverløp.	
Svikt i framkome for personar og varer	Nei	Alternativ køyrerute i anleggsfase vil være mogleg å gjennomføre om nødvendig.	
Svikt i nød- og redningstenesta	Nei	Anleggsfase forventast ikkje å redusere framkome i området.	

j) Kva aktuelle offentlege organ og andre interesserte skal varslast om planoppstart

Iht varslingsliste frå kommunen. Aktørar som skal varslast vil bli avklart i oppstartsmøte. Aktuelle parter er bla.

- Møre og Romsdal fylkeskommune
- Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
- NVE
- Mørenett
- Naboar og interessentar

k) Prosesser for samarbeid og medverknad frå aktuelle fagmynde, grunneigarar, naboar og andre

Tema i oppstartsmøtet. Tiltaket er forholdsvis lite og vil erstatte eksisterande reinseanlegg i Djupvika.

I) Vurdering av om og korleis planen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiingar, og korleis krava i tilfelle vil bli tatt vare på

Det er gjort ei vurdering av om planarbeidet er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiingar.

Tiltaket kjem ikkje inn under § 6, Planer og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiaast, da det er eit pumpeanlegg av liten storleik. Pumpeanlegg ikkje er det same som reinseanlegg som angitt i Vedlegg 1, då anlegget ikkje vil ha jamleg utslepp (berre i unntakssituasjon ved t.d. straumstans), og dagens reinseanlegg blir fjerna.

Tiltaket kjem heller ikkje inn under § 8, Planer og tiltak som skal konsekvensutgreiaast om de kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn. Bokstav a. gjeld reguleringsplanar for tiltak i vedlegg II. I vedlegg II står nr 11c: Reinseanlegg for spillvatn. Tiltaket fell heller ikkje inn under kategorien reinseanlegg. Tiltaket vil ikkje få vesentlege verknader for miljø og samfunn. Situasjon etter at tiltaket er etablert vil medføre betring av dagens situasjon med tanke på utslepp.